



## Saksframlegg

<b>Saknr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>			
	Formannskapet				
Sakshandsamar:	Teknisk, miljø og landbruk			Kjartan Nyhammer	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	22/678	Klassering:	

### Klage på administrativt vedtak i sak 011/2023 - søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje - gbnr 32/96

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

Klage frå Bjørkeneset Marina Sameie (BMS) på delegert vedtak i sak 011/2023 vert ikkje teke til følgje. Men kommunen ser behovet for å tydeleggjere vedtaket noko og tilføyer følgjande vilkår under løyvet etter Hamne- og farvasslova :

- Det er eigar og brukarar av omsøkt bryggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga bryggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt bryggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

Nytt vedtak i saka :

Masfjorden kommune syner til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknaden om dispensasjon frå punkt 1.6 i føresegnene til reguleringsplan Bjørkeneset plan-ID 1266-2017002 og frå strandsonevernet i pbl § 1-8 for etablering av flytebyggje på GBNR 32/2 Bjørkeneset. Det vert sett følgjande vilkår

- Etablering av tiltaket må ikkje starta før Statsforvaltaren sin klagefristen på dispensasjonssøknaden er ute og at det ikkje ligg føre klage på vedtaket.

- Flytebyggja kan vere inntil 7 meter lang, men det skal til ei kvar tid vere minimum 15 meter avstand mellom flytebyggja og Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til å leggje ut flytebyggje på GBNR 32/2 på følgjande vilkår:

- Flytebyggja skal etablerast i samsvar med situasjonsplan, motteke 16.11.2022, men avgrensast i storleik slik at den har minimum 15 meter avstand til Bjørkeneset Marina Sameie sitt båtanlegg.

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Med heimel i havne- og farvannsloven § 14 og 16 vert det gjeve løyve til utlegging av flytebyggje på GBNR 32/2 med følgjande vilkår :

- Anlegget må ha tilstrekkelig solid byggverk og forankrast forsvarlig for å unngå avdrift. - Forankring av anlegget må utførast slik at desse ikkje hindrar eller skadar anna sjøvegs trafikk.
- Anlegget må påmonterast refleks på den enden som vender ut mot «leia».
- Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket påkvilar søkjaren.
  - Det er eigar og brukarar av omsøkt bryggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga bryggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt bryggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

### **Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga**

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Bjørkeneset Marina Sameie klagar på Masfjorden kommune sitt delegerte vedtak i sak 011/2023, datert 26.02.2023 der det vert gjeve dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan og løyve til etablering av flytebryggje innanfor område avsett til småbåtanlegg på GBNR 32/2.

### **Høyring**

Saka er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Nabomerknad frå Bjørkeneset Marina Sameie vart sendt Masfjorden kommunen og Statsforvaltaren i Vestland og ikkje til søkjar. Søkjar har difor ikkje kommentert merknad.

Det delegerte vedtaket i sak 011/2023 der det vart gjeve dispensasjon frå arealformålet i område avsett til småbåtanlegg i reguleringsplan .....vart sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering den 10.april 2023. Statsforvaltaren sin klagefrist på 3 veker er no ute.


Nabo og grunneigar av GBNR 32/2, Ivar Holmaas, har kome med støtteskriv til søknaden i skriv datert 23.11.2023.

### **Fakta**

Det er eigar av nausteigedomen GBNR 32/96, som søkjer om løyve til oppføring av flytebryggje, men flytebryggje er planlagt etablert på naboeigedomen GBNR 32/2.


I administrativ sak nr 106/2022, datert 16.oktober 2022, vart det gjeve byggjeløyve for naust på GBNR 32/96. Naustet er oppført og vart ikkje påklaga av naboar.

Det vart, 16.november 2022, søkt dispensasjon frå arealformål i gjeldande reguleringsplan for Bjørkeneset for etablering av flytebryggje innanfor område avsett til småbåtanlegg (BSB).



Det vart i administrativt vedtak sak nr 011/2023, datert 26.02.2023, gjeve løyve til å leggje ut flytebyggje. Men det vert sett som vilkår at det skal vere 15 meter klaring for passasje mellom søkjar og Bjørkeneset Marina Sameie sitt anlegg. Bjørkeneset Marina Sameie v/ leiar Vidar Rolland klagar på vedtaket i brev datert 8.mars 2023. Statsforvaltaren i Vestland klagar ikkje på kommunen sitt vedtak.

Bjørkeneset Marina Sameie (BMS) har fått utarbeida situasjonsplanen nedanfor der deira småbåtanlegg er innteikna saman med søkjar si flytebyggje. Dei to raude strekane syner området der det skal fritt for hindringar ( forutan blåser) for å oppfylle vilkåret i kommunen sitt løyve.



I klage vert følgjande omtalt :

- Betre teikningar / kart i kommunen sitt løyve som hadde illustrert kva det vert gjeve løyve til.
- Reguleringsplanen vert ytterlegare uklar ved å gje dispensasjon
- Gjeld vedtaket båtar og blåser også ?
- Årsaka til at det er grunt utanfor båtopptrekk skuldast at naustet er trekt langt fram mot sjø og at det er fylt ut stein i sjø
- Syns det er merkeleg at Masfjorden kommune vil godkjenne flytebryggja som bryter med nyleg godkjent reguleringsplan.
- Viktig at småbåtanlegget til BMS kan utvidast i framtida utan å kome i konflikt med andre flytebryggjer i området.

## Vurdering

Kommunen seier seg samd i at kart / teikningar som illustrerer løyvet kunne vore betre. Men det er viktig for kommunen å påpeike at det er tiltakshavar ( eigar av flytebryggja) sitt ansvar å sjå til at det til ei kvar tid er 15 meter klaring for passasje. Også etter ei eventuell framtidig utviding av BMS sitt anlegg.

Kommunen har ikkje omtalt blåser, verken i si saksutgreiing eller vedtak. Men dersom BMS i framtida utvider sitt anlegg framfor naustet på GBNR 32/96 så er det viktig at båtar som ligg ved omsøkt bryggje ikkje gjer passasjen kortare enn 15 meter.

For at det ikkje skal vere tvil om krav frå kommunen si side og ansvarsfordeling i framtida vert det tatt inn eit vilkår under løyvet etter Hamne- og farvasslova for å sikre dette. Formålet i Hamne- og farvasslova er å sikre effektiv og trygg sjøfart.

Klagar finn det merkeleg at kommunen dispenserer frå nyleg godkjent reguleringsplan og meiner at årsaka til at det er grunt framfor naustet er at naustet har kome langt fram og at det er fylt steinmassar i sjøen. Kommunen kan ikkje sjå at det at naustet kjem nærare sjø skulle resultere i at det vert grunnare framfor naustet. Kommunen kjenner ikkje til at det er dumpa store mengder stein i sjøen.

Kommunen påpeikar, som i saksutgreiinga i sak 011/2023, at kommunen søker å finne kompromissløyvingar for å leggje til rette for eit trygt og triveleg aktivitet på og ved sjøen i Bjørkeneset. BMS fekk lov å leggje sitt anlegg lengre inne enn ytterst i område BSB. Det var fleire av nausteigarane som klaga på dette når kommunen gav løyve til det i 2021. No oppstår det interessekonflikter som ikkje hadde oppstått dersom kommunen hadde sett krav om at småbåtanlegget vart lagt ytterst i område BSB. Men det hadde vorte ekstra kostnader for BMS og ugunstige forhold for småbåtanlegget. I denne saka er det nausteigar med grunne tilhøve framfor naust / båtopptrekk som søker dispensasjon for å gjere det beste ut av situasjonen. Kommunen gjev løyve men stiller krav om at det til ei kvar tid skal vere 15 meter klaring mellom BMS sitt småbåtanlegg og næraste hindring ( inkludert båt) ved søkjar si bryggje.

Kommunen ser ikkje at det er kome nye avgjerande opplysningar i saka. Men ynskjer å spesifisere sitt vedtak for å sikre framtidig ansvar for å sikre 15 meter avstand.

## Konklusjon

Klage frå Bjørkeneset Marina Sameie (BMS) på delegert vedtak i sak 011/2023 vert ikkje teke til følgje, men kommunen ser behovet for å tydeleggjere vedtaket noko og tilføyer følgjande vilkår under løyvet etter Hamne- og farvasslova :

- Det er eigar og brukarar av omsøkt bryggje sitt ansvar å sjå til at det også er 15 meter mellom BMS sitt anlegg og næraste hindring ved eiga bryggje ( inkludert båt) etter ei eventuell framtidig utviding av BMS si anlegg. Dersom dette ikkje er mulig å oppfylle skal eigar av omsøkt bryggja då sjå til at den vert fjerna snarast og sjølv bera kostnaden med det.

## Ikkje vedlagte saksdokument:

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost